



Årsmelding for 2023 frå Handballgruppa i Hareid IL

Styret har sidan årsmøtet for 2022 hatt slik samansetjing:

Leiar: Vivian Johansen

Nestleiar: Astrid Ertesvåg

Styremedlem: Maria Juul Hansen - Sekretær

Styremedlem: Heidi-Beate Siring Grimstad- Økonomi og sponsoransvarleg

Styremedlem: Rune Olsen- Utstyransvarleg

Styremedlem: manglar medlem- Kiosk og arrangementsansvarleg

Styremedlem: Odeta Galdikas- Dommaransvarleg

Styret sitt arbeid:

Oppmøte i styret har vore god.

Styret har hatt styremøter og handsama i alt saker, mellom anna:

- a. Det har ikkje lukkast handballgruppa å få inn ein representant i styret for Christian Jønsson. For kjønnsbalansen sin del bør det vere ein mann. Det skal arbeidast med rekruttering til styret gjennom heile året.
- b. Sidan styret ikkje har lukkast i å få på plass ein arrangementansvarleg, vert oppgåva fordelt på alle medlemmane i styret. For kvar heimekamp, skal to representantar frå styret møte opp og sørge for at heimekamparrangementet vert avvikla på ein god måte. Det vil seie:
 - at utøvarar og dommarar vert ønska velkomen
 - at sekreteriat og kiosk er sett opp
 - at garderobar er rydda og opne
 - at hallen er forsvarleg rydda og rein
 - at måla er sikra.

- c. Handballgruppa måtte nok ein gong melde av seniorlaget til seriespel i 5.divisjon. Vi har utfordringar med å få på plass ei stabil gruppe med utøvarar på seniornivå. Styret bør jobbe for å få på plass ein langsiktig plan som sikrar utøvarar på seniornivå eit tilbod i klubben.
- d. Nytt utstyrslager i Hareidhallen. I forbindelse med at turngruppa tok i bruk sin nye basishall over nyttår i 2023, fekk handballgruppa tildelt den utstyrsboda som dei hadde hatt til disposisjon i Hareidhallen. Dette gav oss gode mogelegheiter til sikker og hensiktsmessig oppbevaring av utstyr.
- e. Lageret til handballgruppa er no oppgradert med nye ballar og nytt utstyr til trening (kjegler, rokkeringar m.m.)
- f. Vi planlegg ny handballskule til vinterferien 2024. To dagar a 4 timar.

Medlemskap i gruppa pr.desember 2023:

| Alderstrinn | Gutar | | | | Jenter | | | | SUM |
|-------------|--------|---------|----------|--------|--------|---------|----------|--------|-----|
| | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | vaksne | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | vaksne | |
| | | 5 | 0 | 1 | | 50 | 11 | 17 | 84 |

Seriespel:

Handballgruppa meldte opp fire lag til seriespel denne sesongen. Jente 10, Jente 12, Jente 20 og seniorlag dame i 5.divisjon.

Jenter 20 er jentene som no har spelt på J16. Det blei einigheit på sonemøtet i fjor vår at dei laga som no har fulgt kvarandre opp igjennom skal få spele mot kvarandre ei ein 18 års-serie. I utgangspunktet er det ikkje 18 års-serie – berre 20, men det er altså gjort ein avtale mellom klubbane at desse laga i utgangspunktet ikkje skal toppast med spelarar som er eldre enn 18 år. Våre jenter held fram samarbeidet med Hødd på dette laget, og i år er det Hødd som står som ansvarleg klubb for laget.

Vi lukkast heller ikkje i år å få på plass eit seniorlag dame til første seriekamp, og måtte difor trekke laget.

Jenter 12 har hatt ei jamn og fin utvikling, og har både vunne og tapt kampar gjennom heile sesongen.

Jenter 10 spelar serieturnering. Det vil seie at dei samlar sine kampar til utvalgte helgar, og spelar opptil fire kampar på ein dag. Tureningsdagane går på omgang mellom klubbane, og

Hareid står som arrangør ein gong på hausten og ein gong på våren. Dette er ei fin moglegheit til å vise fram den “yngste” delen av handballsporten for lokalbefolkninga.

Handballskule:

Handballgruppa gjennomførte to dagar med handballskule i vinterferien 2023. 42 born var påmeldt, og vi hadde 6 jenter frå J16 laget vårt som instruktørar. 4 medlemmar frå styret var med å hjelpte til med å lage mat og organisere dagane. Arrangementet var veldig vellukka, og vi fekk svært gode tilbakemeldingar frå både born og foreldre.

Rekruttering:

Hausten 2023 starta vi opp ei ny gruppe med førsteklassingar. Jamt over har vore rundt ti born på trening. Dei er ivrige og viser både interesse og gode ferdigheiter. Januar 2024 spelte dei si første turnering på Valdercup – ei kjempefin oppleving for dei alle.



Lag og trenarar 2023-2024:

| LAG | FØDT | TRENARAR | TRENINGSTIDER |
|-------|----------------|--|----------------|
| J/G 6 | f. 2017 | Vivian Johansen Ragnhild Nerhol | 1 dag i veka |
| J/G 8 | f.2015 og 2016 | Melisa Saldic Kristine Asp Jakobsen | 1 dag i veka |
| J 10 | f.2013 og 2014 | Ina Flø Nettet | 2 dagar i veka |

| | | | |
|---------|-------------------------|--|----------------|
| | | Maria Slettebakk Heidi- Beate Siring Grimstad | |
| J 12 | f.2011 og 2012 | Olav Haug Vikebakk Torild Haug Vikebakk | 2 dagar i veka |
| J18(20) | f.2007, 2006 og 2005 | Stasys Galdikas Odd Arild Djupvik | 3 dagar i veka |
| Dame | f. 2004 og før | Vi har ikkje stilt lag i dameklassen denne sesongen | |


Dommarar 2023-2024:

Morten Berge har vore aktiv dommar for handballgruppa sesongen 2023-2024. I tillegg har Villemo Rise, Aida Galdikaite, Oline Børjeson Sjørdal og Frida Curie Vasstrand Hodge dømt kampar i barnehandballen (fram til 12 år).

Økonomi:

Handballgruppa har i 2023 gått med eit underskot på ca 14000 kroner. Hovedårsaka til underskoteter at vi ikkje har klart å gjennomføre dugnad eller lotteri slik vi budsjettert med. Vi har heller ikkje hatt generelle inntektene frå eit damelag, slik vi hadde budsjettert med. Av inntektar elles er det sponsormidlar, handballskule, kiosksal og treningsavgift som er dei største postane. Det har ikkje vore nokon store og uventa utgifter i 2023, det meste har fulgt/vore mindre enn budsjettert."

Hareid, 26.02.2024



Vivian Johansen

Leiar

Astrid Ertesvåg

Nestleiar



Maria Juul Hansen

Maria Juul Hansen

Styremedlem



Heidi- Beate Siring Grimstad

Heidi- Beate Siring Grimstad

Styremedlem



Rune Olsen

Rune Olsen

Styremedlem



Odeta Galdikiene

Odeta Galdikiene

Styremedlem